

ANNONSE



1,99%  
for vårt beste grønne boliglån

 SparebankenVest

Priseks: 2 mill kr. o/25 år Eff. rente 2,08% Kostnad: 599 210,- Tot 2 599 210,-

NYHEITER EQUINOR MONGSTAD KORONA

## Equinor Mongstad går for full maskin



Equinor Mongstad. Foto: Yngve Garen Svardal

Av [Julie Sætre](#)

18. mars 2020, kl. 05:30 ▾

Ikkje ein gong ein pandemi klarar å stoppe dei. Ingen permitterte og normal drift for selskapet på Mongstad.

DEL

f

...

ANNONSE



**1,99%**  
for vårt beste grønne boliglån

 SparebankenVest

Priseks: 2 mill kr. o/25 år  
Eff. rente 2,08%  
Kostnad: 599 210,- Tot 2 599 210,-

- Vi stenger hamnene og flyplassane og vil ha streng kontroll med grensene våre, sa statsminister Erna Solberg under pressekonferansa laurdag.

**Ved seinare presisering handla dei nye reglane om at hamner og flyplassar stengast for utlendingar utan opphaldstillating i Norge. Desse vil bli bortvist frå grensa. Framleis vil alle som bur i landet og som har norsk statsborgarskap, sleppe inn.**

Desse reglane vart innført frå og med mandag 16. mars.

Likevel ser ikkje dette ut til å råke Equinor Mongstad i særleg grad.

### **- Som normalt**

I løpet av mandag til fredag veke 12, ventar Equinor 19 båtar av ulik storleik ved hamna på Mongstad. Talet båtar varierer veldig frå veke til veke, og kan dermed vere langt høgare enn 19.

Foreløpig er det ingenting som er utanom normalen, ifølgje kommunikasjonssjef Morten Eek.

**- På Mongstad går den daglege drifta som normalt.**

**Eek fortel vidare at virussituasjonen og regjeringa sine bestemningar, ikkje har hatt nokon betydning for det som skal fraktast inn og ut av hamna.**

Det er så langt heller ingen arbeidarar på Equinor Mongstad som er permitterte grunna koronaviruset.

**LES OGSÅ**



**Myndigheitene ber folk ha heimekontor. Kommunedirektør i Gulen krev at tilsette møter på jobb som vanleg**

## Lite som kan stoppe dei

I oktober 2019 kom den første olja frå Sverdrup-feltet til Mongstad. Ein stopp i skipstrafikken som fraktar denne vidare, kunne hatt store konsekvensar for økonomien.

**- Dette er heller ikkje noko problem no. Olja kjem inn i rør, og blir frakta vidare med skip som vanleg, fortel Eek.**

Vidare fortel han at fokuset på sikkerheit er større enn nokon gong, for å unngå skader og uhell.

**- Vi vil unngå å belaste naudetatar og andre ressursar som står i ein utfordrande situasjon.**

Det som faktisk kan vere ei stor utfordring for Equinor Mongstad si normale drift, er dersom skipingstrafikken stoppar. Altså, om det blir fullt på lageret og lite eller ingenting blir skipa ut.

Då må dei om mogleg bremse produksjonen. Foreløpig er ikkje dette noko dei fryktar.



**LES OGSÅ**

**Slik kan politiet straffe karantenebrytarar**

**Lik Avisa Nordhordland på Facebook**

Lik dette Du og 11k andre likar dette.

Les meir om: [Nyheiter](#) [Equinor](#) [Mongstad](#) [Korona](#)

**Sjå kommentarar**

---

Fleire saker

---



**Difor får du ikkje vite noko om kven som er sjuk, korleis dei er smitta eller kor dei er**



**Tommy (27) døde av svineinfluensa. Foreldrene ber folk ta koronaviruset på alvor**



---

Kommentarer til denne saken

---

---

Til toppen

---

*nordhordland*

- Adresse: Kvernhusaugane 12. 5914 Isdalstø • Ansvarlig redaktør: Trond Roger Nydal • [Personvernpolicy / Informasjonskapsler](#)  
• [Redaktørplakaten](#) • [PFU](#)
- nordhordland.no vert lagra regelmessig av Nasjonalbiblioteket. Nettsida vil bli gjort tilgjengeleg som kildemateriale for forskning og dokumentasjon
    - Tjipstelefon: 916 20 916 • Sentralbord: 56 35 55 55

© 2020







